

## Referat frå årsmøte i Samnanger Næringsforum 26.03.2026

Årsmøtet vart halde på Bjørkheim Kro og Motell AS .

Særskilt inviterte: Nyoppretta kommunalt utviklingselskap v/styreleiar Ole-Jørgen Fæø, og kommunalsjef-samfunnsutvikling for Samnanger- Veronika Skiftesvik Natås.

Saker:

### 1. Opning av møte ved styreleiar

Per Espen Edvardsen ynskte velkomen og opna årsmøte.

### 2. Val av møteleiar

Per Espen Edvardsen vart einstemmig vald.

### 3. Val av referent og ein person til å skriva under protokoll saman med møteleiar

Knut M. Bjørnås vart vald saman med styreleiar.

### 4. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

### 5. Årsmelding for 2025 frå styret

Årsmeldinga vart gått gjennom og kommentert av styremedlem Knut M Bjørnås .

### 6. Rekneskap for driftsåret 2025

Årsrekneskapen vart gått gjennom også av Knut M Bjørnås.

### 7. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2025

Årsrekneskap og årsmelding for 2025 vart godkjent utan merknader.

### 8. Likviditetsbudsjett for 2026 - Utsett - for handsaming og kommentarar ved styret.

### 9. Fastsetjing av medlemskontingent 2026

Styret la fram forslag om at kontingenten skulle endrast til satsar som nedanfor:

Satsar:	Enkelmannsføretak	Kr 1.250 inkl. MVA (auke Kr. 100 frå 2025)
	Bedrifter med tilsette	Kr 1.600 inkl. MVA (auke Kr. 100 frå 2025)

### 10. Val av styre for 2026

Valkomiteen v/Erlend R Klette la fram fylgjande forslag til styre for 2026:

Styremedlem	Per Espen Edvardsen (vald for 1 år)
Styremedlem	Odd Arne Haga (ikkje på val)
Styremedlem	Kurt Hauge (vald for 2 år)
Styremedlem	Anna Wærdahl Tveiterås (ikkje på val)
Styremedlem	Erlend R. Klette (vald for 2 år)
Kommunal representant	Shirin Kvernes Khadoor (vald av Samnanger kommune)
Vara til Kommunal repr.	Thomas Hellevang (vald av Samnanger kommune)
Varamedlem til styre	Gunnar Gjerde
Varamedlem til styre	Tor-Einar Tysseland
Revisor	Gro Stikkholmen
Valkomité	Jan Olav Nordbø
Valkomité	Knut Jørgen Jørgensen

## 11. Val av styreformann

Per Espen Edvardsen vart einstemmig vald til formann for styret i SNF (for 1 år).

## 12. Samnanger Kommunale utviklingsselskap

Styreleiar, Ole -Jørgen Fæø, for det nyoppretta kommunale utviklingsselskapet for Samnanger la fram organisasjonskart og orienterte om styrets samansetning. Han orienterte om mandatet dei hadde fått frå kommunen, nemleg å bidra til bustad og næringsutvikling i Samnanger. Fæø kjem frå Øygarden kommune og har lang erfaring og leiande roller i fleire verksemdar. Med seg i staben som skal arbeida med utvikling i Samnanger er Ellen Høysæter Fjellalden, som er busett på Gjerde i Samnanger. Ho er avdelingsleiar i A/Stab AS.

Andre i styret til utviklingsselskapet er Åsne Ådland Dale som er direktør for strategi og forretningsutvikling i Birdview AS, OG Arild Bruvik som er prosjektdirektør i GC Riber Eigedom.

Styret arbeider med å laga ein strategiplan som vil omfatta bustad bygging og næringsutvikling. Når denne planen er klar vil dei truleg tilsetja ein dagleg leiar.

## 13. Kommuneplanens arealdel.

Kommunalsjef-samfunnsutvikling, Veronika Skiftesvik Natås var invitert og sa seg villig til å delta på årsmøte for å informere om det nye planprogrammet for kommuneplanens arealdel 2026 - 2038 for Samnanger kommune. Planutkastet er lagt ut til offentlig høyring og ettersyn på Samnanger kommune sine heimesider. Høyringsfrist er sett til september – oktober 2026.

Arbeidet med oppdatering av planprogrammet har vert leia av sektor samfunnsutvikling som også har ansvar for å driva prosessane. Sektoren vil stå for koordinering, framdrift og oppfølging av planarbeidet, medan nødvendige utgreiingar og konsekvensanalysar blir gjennomført av eksterne konsulentar med relevant fagkompetanse.

Planprogrammet skisserer korleis Samnanger kommune vil gå fram for å lage ein ny arealdel til kommuneplanen. Arbeidet skal byggje på eit solid kunnskapsgrunnlag, supplert med nødvendige konsekvensutgreiingar, og prosessen skal vere prega av brei medverknad. Formannskapet vil ha ei sentral rolle som politisk styringsgruppe, slik dei også hadde i arbeidet med samfunnsdelen. Den nye arealdelen skal gi kommunen eit styringsverktøy som legg til rette for utvikling og samstundes tek vare på ressursane for framtidige generasjonar.

Veronika Skiftesvik Natås uttrykte viktigheita av godt samarbeid mellom kommuneleiinga og styret til Næringsforumet. Som kommunalsjef-samfunnsutviklar vil ho setja pris på å bli med på styremøte 2 gongar i løpet av driftsåret.

## 14. Innkomne forslag.

Styret hadde ikkje motteke forslag til saker for handsaming på årsmøte.

Dato 26.03.2026.

Sign.

-----  
Per Espen Edvardsen

Dato 26.03.2026

Sign.

-----  
Knut Martin Bjørnås